

Elin H. Fanebust
Lindåsvegen 2088 5955 LINDÅS

Våge, 12.10.2017

Plan- og Miljøutvalet, Lindås kommune

SAK 16/1342 – Våge

Merknader til innhold i brev fra Harris/Fanagro av 21.09.2017 til Lindås kommune

Sitat Harris: «Kommunen har ikke hjemmel til å legge til grunn at tiltaket vil bli større enn det som er omsøkt».

Kommentar: Tiltaket **vil** bli større enn det som er omsøkt. Eg meiner politikarane må berømmast for å ha tatt høgde for framtida og vist ansvarlegheit gjennom det vedtaket dei gjorde. Det framstår som uredeleg/forsøk på manipulering å søkje om 2 m veg i første omgang, alle veit at ein 2 m brei veg/90°vinkel ikkje held mål etter verken dagens eller framtidas standard (eller Eikevik sin uttalte standard), altså blir den søkt utvida ved neste korsvei. Sjølv Eikevik sin veg til *foringshus for sau* er minst dobbelt så brei. Såleis uredeleg å søkje om 2 m veg, Eikevik kan ikkje bruke ein slik veg utan å utvide. Dette kom fram på synfaring, og det framgår av skisse-vedleggget frå Fanagro, sitat: «må oppjusteres til dagens standard». Dagens standard er **ikkje** 2m bredde/90° vinkel. På synfaring kom det fram at det ville bli eit betydeleg inngrep, og at vegen ikkje var funksjonell. Fanagro sitt svar på synfaring: «Har du hørt om helikopter?» på direkte spørsmål om korleis Eikevik ville få fram elementa til husbygging, talar for seg.

Kva då med **tømmerbil** på ein 2m brei vei/90°vinkel? Eikevik har gitt uttrykk for at vegstandarden til tuns skal vere dimensjonert for tømmerbil.

Elles må bemerkast at denne jord-veien kun er 20 år gammal. Vart hurtig-opprettet på 1990-talet som ein provisorisk jordvei, tilpassa den tids sporadiske fritidsbruk på 99/4 (forøvrig etter ønske frå 99/4 om å vere til mindre sjenanse). I praksis fungert som innmark der det veks frodig kløvergras, og vorte slått med grasklippar. Denne traseen ville **aldri** vore aktuell å anleggje til det som no blir eit heilt nytt tun lenger sør.

Øvrige sjølvstendige grunnar for å avvise denne traseen:

- vil for alltid dele opp og avskjære den aller nærmeste innmarka på 99/1
- . legg begrensingar på bruk av uteområdet til 99/1, uoppretteleg forringing av bruksverdien
- hindrar naturleg tilkomst for 99/1 til eigen hage, må krysse veg for å slå gras, ha åkerbruk etc.
- vil for alltid ruinere restane av urørt kulturlandskap på 99/1
- totaldominerande innslag i 99/1 sitt tun (visuelt og lydmessig)
- utilbørleg sjenanse (trafikk frå to bueiningar, ev. anleggsmaskiner etc.)
- heilt unaturleg omveg fram til 99/4 sitt nye, sørlegare tun, ville vore uaktuelt å legge veg i ekstra sløyfe innom 99/1 sin hage ved ny etablering av dette tunet
- 99/1 har sjølv planar om villsau i deler av året for å vedlikehalde kulturlandskapet. Det vil innbefatte inngjerding og bruk av grinder rundt området med dagens 2m jordveg.

Kommentar til skisse-vedleggget frå Fanagro i Harris-brev av 21.09.:

Skissa har mange grunnleggjande feil og har ei gjennomført tendensiøs og uærleg framstilling.

1. Fanagro skriv «*Gammel vei*» om stikkveg over 99/1. Dette er **feil**. (Som nemnd er vegen oppretta for berre 20 år sidan).

2. Fanagro skriv «*Gammel vei*» om del av Eikevik sin prosjekterte, **nye** trase over innmark. Dette er også feil. Ingen deler av raud trase over innmarka på 99/4 representerer «gammel vei», jfr. foto-vedlegg som viser Våge på 1960-talet. Fotoet viser at Fanagro snakkar usant om gamle vegar. Alle Eikevik sine prosjekterte vegar vil vere **fullstendig nye vegar over innmarka på 99/4**. Vedlagte foto frå 60-talet viser også kor totalt øydeleggjande Eikevik sine planlagde vegar vil slå inn for **både innmark og kulturlandskap på både 99/1 og 99/4**.

3. Fanagro si framstilling av blå, sørleg trase er feil. Gjort mykje for lang i begge endar, lagt i for stor kurve, har feil både startpunkt og stoppunkt. Raud trase stoppar t.d. **før** parkeringsplass , blå trase er forlenga **gjennom**. Rette tal for dei to veglengdene:

Blå trase vil fram til Eikevik si grense vere 80 meter, ca like lang som total raud trase. Innafor 99/4-grensa er all innmark og kulturlandskap pr idag totalsanert ned til berget av Eikevik sjølv, må difor i begge tilfelle omarbeidast (her er dei to traseane sidestilte).

4. Fanagro beskriv området der blå trase kjem innforbi grensa på 99/4 som «*dyrka mark*». Det er feil, som forklart ovanfor. Å gjere dette området flatt inneber ei 4-5 meter skjering i grensa mot 99/1, jfr. situasjonsplan frå Fanagro 2016. Eit slikt inngrep stirr og mot konsesjonen.

Konklusjon traseval:

Omsøkte trase, raud trase i Fanagro si skisse, vil vere maksimalt øydeleggjande for såvel innmarka som kulturlandskapet på **baide** 99/1 og 99/4. Eikevik sine omsøkte vegprosjekt vil totalt endre den sentrale innmarka og kulturlandskapet på Våge til å bli eit stort, omfattande veg-anlegg, dette i sterke strid med Eikevik sin konsesjon.

Sørleg trase vil derimot skåne maksimalt innmark og kulturlandskap i begge tun.

Berører kun utmark for 99/1.

På 99/4 berører traseen kun området der Eikevik pr idag har sanert vekk både all innmark og alt kulturlandskap, der han i tillegg har planlagt parkeringsplass.

Sørleg trase-alternativ står fram som det suverent best eigna både av omsyn til innmark og kulturlandskap i begge tun, også av omsynet til Eikevik sin konsesjon.

Det har vore gjennomført synfaring på sørleg trase med alle partar, anbud er innhenta og Eikevik/Harris har i mars 2017 fått presentert eit ferdig framlegg til Veg-avtale, klart for signering. Sørleg trase kunne såleis i dag vore tatt i bruk.

Kommentar til slutt:

Harris/Eikevik krev gjenopptatt klage frå 25.07.17. Denne klagen var bygd opp kring gjennomgåande, dels grove usannheiter og faktafeil, jfr. mitt brev av 10.08.17 til Lindås kommune. Det er påkravd at mitt brev av 10.08. vert lese i samanheng med denne klagen. Av særleg betydning er påvisinga av at administrasjonen si innstilling m.o.t. val av trase er gjort på direkte feil grunnlag.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust

(elektronisk brev, difor utan underskrift)

Vedlegg 1: Korrigert veiskisse 918 Fanagro

Vedlegg 2: Kulturlandskap Våge 60-talet. Avkreftar Fanagro sin «gammel vei», jfr. skisse.

Vedlegg 3: Same kulturlandskap m/ innteikna Eikevik sin omsøkte trase, jfr. skisse.

Vedlegg 4: Situasjonsplan Fanagro 907, viser totalomfang av planlagt inngrep i «byggegrop».

